

Til: Rådmannen i Radøy kommune

## Samarbeidsavtale om kjøp av tenester til leing og drift av landbrukskontor

Radøy kommune og Lindås kommune inngår med dette ein samarbeidsavtale om kjøp av tenester knytt til leing og drift av landbrukskontoret på Radøy. Dette inneber også dei forpliktingar Radøy har i samarbeidet med Austrheim og Fedje. Avtalen gjeld frå 1. oktober 2016 til 1. april 2017.

Avtalen inneber at Radøy kommune kjøper tenester hjå Lindås kommune på personalleing og fagleing, i tillegg til sakshandsaming knytt til jordlov, konsesjonslov og delingsaker. Den praktiske oppfølginga av landbrukskontoret blir avtalt direkte mellom rådmannen i Radøy og landbrukssjefen i Lindås. Omfang av avtalen tilsvarar ein 50% stilling, i avtaleperioden konkretisert til ein fastpris på kr 200.000. Dette beløpet blir fakturert når avtaleperioden er over.

I løpet av mars 2017 gjennomfører kommunane ei evaluering av samarbeidet. Rådmannen i Radøy tar initiativ til å gjennomføre evalueringa.

Dato:



Jarle Landås  
Rådmann Radøy kommune



Hogne Haugsdal  
Ass. rådmann Lindås kommune